

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.03.2018

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg, før første setning:

Fylkesutvalet vil presisere at dagens ordning med prioriterte grupper blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar vert vidareført. For å oppfylle kravet til LDO om ikkje å diskriminere, må personar som fell utanfor gruppene, men som har eit reelt behov for å vere prioritert, få søknaden sin individuelt behandla.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vil presisere at dagens ordning med prioriterte grupper blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar vert vidareført. For å oppfylle kravet til LDO om ikkje å diskriminere, må personar som fell utanfor gruppene, men som har eit reelt behov for å vere prioritert, få søknaden sin individuelt behandla.

Fylkesutvalet godkjenner fylgjande endringar i reglementet for Transportordninga for funksjonshemma.

1. Aldersskiljet ved 67 år for ordinære brukarar vert fjerna. Alle ordinære brukarar får ein årleg kvote på kr 5.500. Tiltaket vert sett i verk frå 1. juli 2018, med halv effekt for 2018.
2. Bortfall av godkjenning ved flytting på institusjon fell vekk.
3. Reduksjon av kvote ved at ektefelle/sambuar er med i ordninga samt ved bil i husstanden fell vekk.
4. Minstealder for godkjenning vert sett til 10 år.
5. Aldersgrense for livsvarig godkjenning fell vekk.
6. Brukarar som har fått stønad til bil gjennom folketrygda får halv kvote.
7. Brukarar som får grunnstønad til transport får halv kvote.
8. Godkjenningsperioden vert auka frå 4 til 5 år.
9. Det vert opna for at ein kan gje eitt års godkjenning i særskilde høve.
10. All sakshandsaming i transportordninga vert samla i fylkeskommunen.
11. Brukarkvotane for det einskilde år vert fastlagt i samband med budsjetthandsaminga.